



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN



Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kaisa Tonheim Banne - 55516273

Vår referanse:
2013/139697-002

Dykkar referanse:
201309380-1

Vår dato:
10.01.2014


Spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss - oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Statens vegvesen viser til oversendingsforslag sendt 25. november 2013 med spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss. Samferdselsutvalet ønskjer at Statens vegvesen vurderer om det let seg gjere å etablere fysisk separasjon av gåande og bilar der Ringheimsvegen (Fv 315) går under jernbana i Voss sentrum.

Statens vegvesen har vurdert ulike alternativ for sikring/separasjon av dei gåande gjennom undergangen og gjort ei risikovurdering av alternativa. Vurderinga syner at slik sikring ikkje vil medføre den ønska effekten, og heller bidra til at dei gåande får eit falskt inntrykk av at dei er betre sikra enn dei i realiteten er. Det er og vedteke å gjennomføre eit eige gang- og sykkelprosjekt i 2014 med undergang under veggen. Dette vil bidra til å sikre dei gåande og syklande betre. Vegvesenet vil difor ikkje gjere tiltak for separasjon.

Ny driftskontrakt vil ha særskilt merksemd på brøyting og strøing for å sikre dei gåande betre.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing


Olav Finne
Avdelingsdirektør


Kaisa Tonheim Banne

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52